

Kommunane i Sogn og Fjordane  
Kommunane i Hordaland  
Organisasjonar i Sogn og Fjordane  
Organisasjonar i Hordaland

Dato: 12.03.2019  
Vår ref.: 2019/2760-1  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.:

## Høyringsutkast til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024

Fellesnemnda gjorde vedtak 14.2.2019 om å be prosjektleiar utarbeide framlegg til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune, gjeldande for perioden 2020 - 2024. Fellesnemnda ber om å få saka tilbake til handsaming/vedtak i mai 2019. Framlegg til anleggs- og tildelingspolitikken vert no send ut på høyring, med frist 05.04.19.

### Innhald

Kartlegginga av kultur- og idrettsfeltet i den nye fylkeskommunen, viste at dei to fylkeskommunane har noko ulik tilnærming i anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar. Vestland fylkeskommune må ha ein felles anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar, fordi dette vil vere førande for utvikling av kommunal anleggspolitikk. Det vil også skape føreseielege vilkår for kommunane og frivillig sektor i god tid før kommunane gjer sine prioriteringar hausten 2019. Dette er særleg tidskritisk for dei kommunane som skal slå seg saman. Politikken legg grunnlaget for høyringsinnspel til kommunane i deira planprosessar, t.d. når det gjeld plassering av anlegg og friluftsområde, type anlegg, samlokalisering/sambbruk og omsyn til ulike brukargrupper/inkludering. Planane skal gje rom for framtidsretta og behovsprøvde prioriteringar, og vere i tråd med faglege tilrådingar og nasjonale føringar.

Forslaget til anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024 byggjer på vedteken politikk forankra i Regional plan for kultur 2019-2027 for Sogn og Fjordane og Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, på statlege føringar, ei vurdering av dei aktuelle utfordringane som kjem fram i Statestikk og utviklingstrekk i Vestland, Idrettsindeksen for Vestland 2017 og ei innspelsundersøking frå kommunane januar 2019.

### Høyring

Dei to fylkeskommunane ønskjer innspel på innhaldet i anleggs- og tildelingspolitikken for 2020-2024. Resultatet av høyringa vil bli vurdert og lagt fram for fellesnemnda i samband med slutthandsaminga 23.05.19.

Svar skal sendast elektronisk via denne lenka: [www.hordaland.no/anleggspolitikk](http://www.hordaland.no/anleggspolitikk). Høyringsfristen er sett til 05.04.19.

Spørsmål kan rettast til Hordaland fylkeskommune ved Britt Karen Spjeld, tlf. 456 66 326 eller [britt.karen.spjeld@hfk.no](mailto:britt.karen.spjeld@hfk.no) eller Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Atle Skrede, tlf. 41530716 eller [Atle.Skrede@sfj.no](mailto:Atle.Skrede@sfj.no).

Med venleg helsing

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*